

SAMNANGER KOMMUNE
Tyssevegen 217
5650 TYSSE



Vår ref.: 23/00359-2

Deres ref.: 23/480/23/6426/3/JEB Bergen, 12.07.2023

Innspel til Planprogram for Kommuneplanens samfunnsdel 2023-2035 - Samnanger kommune

Vi syner til høyring om Planprogram for Kommuneplanens samfunnsdel. BIR ynskjer med dette å sende inn innspel til det videre planarbeidet.

Innleiing:

Planprogram er eit viktig overordna verktøy for utviklinga i området framover. Kommunen skal ta standpunkt til kvar innbyggjarane skal bu, arbeide og virke. Planen skal møte krava til berekraft, utviklingsmoglegheiter og forenkling av tenester til innbyggjarane utan at det går utover kvalitet. Dette skapar utfordringar og krav om utvikling, innovasjon og fornying innan ulike sektorar. Avfallsbransjen er ein av desse.

Arealstrategi gir framtidens infrastruktur:

BIR er oppteken av at renovasjonsløyningar, både for bustader og fritidsbustader, vert handsama og sikra som teknisk infrastruktur på lik linje med anna infrastruktur som veg, vatn og avlaup mm. Det er ynskjeleg at dette heng tett saman med den overordna arealstrategien. Resultatet av dette arbeidet bør også utfordre meir tradisjonelle løyningar for opp og innsamling av avfall. Dette vil også sikre eit meir heilskapleg oversyn i høve til berekraft.

For BIR er det ynskjeleg at kommunen ser på:

- Moglegheita til å sette av strategisk plasserte areal kor kommunen samlar forskjellige retur- og avfallsløyningar, for både hytte, bustadfelt og kanskje også for næring.
- Tilrettelegging for fossilfrie køyretøy for innsamling av avfall, til dømes oppsett av ladestasjonar for tunge køyretøy.
- Utvikling av BIRs gjenvinningsstasjonar heng tett saman med kommunens strategi for fortetning og vekst.
- Kvaliteten på vegane, særleg sidevegane, er utfordrande for dei tunge køyretøya som skal ut og samle inn avfall.



BIR bistår gjerne Samnanger Kommune med vår kompetanse innan nærare gitte rammer.

Med vennlig hilsen
BIR Infrastruktur AS

Linn Husøy
Leder Strategi og analyse

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Du kan nå lese de fleste brev fra BIR-konsernet i din digitale postkasse!

- Brev til deg selv
For å lese brev til deg selv må du opprette en digital postkasse. Det er enkelt og gratis på denne siden: <https://www.norge.no/nb/velg-digital-postkasse>
Har du ikke egen digital postkasse vil du motta brevet i Altinn.
- Brev til bedrift/organisasjon
Du kan lese brev til bedriften/organisasjonen i meldingsboksen i Altinn:
<https://www.altinn.no>
Under «Profil, roller og rettigheter» kan du se om kontaktinformasjonen er riktig, eventuelt legge til kontaktinformasjon. Her kan du også delegerer rollen «Post/arkiv» dersom du ønsker at en annen person skal lese post på vegne av bedriften/organisasjonen.

Svar sendes inn via <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/990766665>.